

Høstetidsvurderinger for Sogn frukt og grønt 2021

Sogn frukt og grønt og NLR Vest fortsetter samarbeidet om å ta ut høstetidsprøver for epler og pære i Sogn. I går tok vi ut de første prøvene av Discovery, Summerred, Clara Frijs og Celina. Prøvene blir tatt ut hver mandag. Resultatet blir sendt ut til Sogn frukt og grønt sine produsenter så snart de er klare, og lagt ut på www.sognefrukt.no tirsdag formiddag.

Opplegg for prøveuttak er likt som tidligere år. Vi tar prøver fra tidlige, middels og seine hager for sortene Discovery, Summerred, Gravenstein, Rød Aroma, Rubinstep, Clara Frijs og Celina.

Våre prøver gir en indikasjon, men alle må sjekke egne hager. Hvis ikke annet er presisert tar vi prøver av godt etablerte felt med god tilgang på vann. Nyplantinger bør alltid høstes tidligere enn våre anbefalinger.

I år vil tilgang på vann, avlingsnivå og bruk av Cerone kunne påvirke modningen mye. Det betyr at seine felt kan bli høstklare omtrent samtidig med tidlige felt. Alder, grunnstamme og gjødsling kan også påvirke modningen. Frukten modner f.eks. tidligere på svake grunnstammer, på unge tre og på tre med liten avling.


Alle sorter må høstes i flere omganger for å få best mulig kvalitet på alt som høstes. Unntaket er Celina, hvor man kan høste alt i en runde.

Innholdet av stivelse i eplene har mye å si for lagringsevnen og igjen pakkeresultatet. Det kan derfor være lurt å ta egne jod-tester og informere Sogn frukt og grønt om resultatet. De kan pakke epler med lite stivelse først, noe som gir bedre økonomi både for dyrker og pakkeri.

Grossistens krav og spesifikasjoner ligger i Fruktklienten under fane «Dokumenter» og videre «Felles». Det ligger også informasjon her: [Medlemsinformasjon - SOGNEFRUKT SA](#)

Et hefte som heter «Haustetid for kjernefrukt» ble sendt ut til alle Sognefrukt sine medlemmer i fjor. Der står det hvordan man gjør egne høstetidsanalyser. Nye produsenter kan kjøpe heftet av NLR for kr. 100,-.

Instrumenter for måling av fasthet og sukkerinnhold (Brix) i egen hage, fås kjøpt på fruktlageret. NLR selger flasker med ferdigblandet jod-løsning (NB! Jodløsningen for høstetidsprøver er ikke samme formulering som jod man får kjøpt på apotek eller hos veterinær).



Hilsen

Marianne, Jens og Stine

NLR Vest

Haustetidsvurderingar uke 33

Det er denne prøveomgangen teke ut Clara Frijs, Celina, Discovery og ein tidleg prøve av Summerred som er Cerone-sprøyta. Kun Clara Frijs er klar for utorplukking på tidlege stader. Av dei andre sortane blir det teke nye prøvar på måndag.

Ver budd på at utvikling i hagane vil gå raskt. Pakkeriet har det endelege ordet med omsyn til kva tid respektive sortar skal haustast.

Blomstring i år var helst sein, men ein varm sesong deretter har medført at me har henta inn igjen etterslepet, slik at det blir helst tidleg hausting. Dette ser me mest for utviklinga av pære. Epla heng litt igjen i forhold til tidspunkt.

Ein må også ta omsyn til at det har vore tørt i mange felt; epla blir då mindre, fastare og med meir tørrstoff (høgare sukkerinnhald). Frukta kan også bære litt preg av tvangsmodning. Ceronessprøyting kan medføre tidlegare hausting grunna raskare utvikling. Like eins vil frukt på unge tre med lite avling utvikle seg raskare og frukt på svake grunnstammer vanlegvis modne raskare enn på sterke grunnstammer. God vatning i felt, kan gje litt seinare utvikling.

Clara Frijs

Optimalverdiene ved høsting:

Fastleik: 5-6 kg/cm³

Sukker (Ref): 10,5 %

| | |
|-------------|--------------|
| Dyrkar | Gunvor Lidal |
| Sted | Slinde |
| Grunnstamme | Kvede C |
| Avlingsnivå | 3 |
| Dato | 16.08.21 |
| Vekt (g) | 133 |
| Fastleik | 6,3 |
| Ref | 12,1 |



Clara Frijs er sorten som er lengst komen i utvikling. Dei ser fine ut, er framleis faste og med godt sukkerinnhald. Dei er også byrja å bli saftige og gode. På tidlege stader er denne klar for utorplukking mot helga.

Celina

Optimalverdiene ved høsting:

Fastleik: 5,5-6 kg/cm³

Sukker (Ref): 10,5 %

| Dyrkar | Gunvor Lidal - Kvede C | Gunvor Lidal - Brochmal | Terje Fosshagen | Tone F. Midlang |
|-------------|------------------------|-------------------------|-----------------|-----------------|
| Sted | Slinde | Slinde | Leikanger | Feios |
| Grunnstamme | Kvede C | Brochmal | Kvede | Kvede |
| Avlingsnivå | 3 | 3-2 | 3 | 3 |
| Dato | 16.08.21 | 16.08.21 | 16.08.21 | 16.08.21 |
| Vekt (g) | 122 | 156 | 134 | 118 |
| Fastleik | 6,4 | 6,5 | 6,4 | 6,4 |
| Ref | 10,1 | 10,5 | 10,4 | 9,9 |

Det er enno litt for tidleg for Celina, men ein kan bu seg på plukking om ca. 1,5 veker. Fastleik er her viktigaste parameter.

Me har prøvd oss litt fram med uttak av prøvar både på tidlege og seine stader i felt (resultat ikkje vist). Der det har vore tørt/er skinnare jord, verkar pærene meir modne utan at verdiane syner stor skilnad. Slike pærer blir mindre, fastare og søtare.



Discovery

Optimalverdiene ved høsting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 30 %

Fastleik: 7-8 kg/cm³

Sukker: 10,8 %

Stive: 6-8


Streif-indeks: 0,09-0,16

| Dyrkar | Tor Yttri | Terje Fosshagen | Harald B. Mundal | Eivind Lidal |
|-------------|-----------|-----------------|------------------|--------------|
| Sted | Leikanger | Leikanger | Lærdal | Vangsnes |
| Avlingsnivå | 4 | 3 | | 3 |
| Dato | 16.08.21 | 16.08.21 | 16.08.21 | 16.08.21 |
| Vekt (g) | 113 | 130 | 127 | 114 |
| Grunnfarge | C1-C2 | C1-C2 | C2 | C2 |
| Fastleik | 8,3 | 9,1 | 9,3 | 9,6 |
| Ref | 10,1 | 10,1 | 10,5 | 10,0 |
| Stive | 2,6 | 1,4 | 2,2 | 1,5 |
| Streif | 0,318 | 0,640 | 0,404 | 0,640 |

Sjølvs om raudfargen på Discovery er i ferd med å kome, så er det enno for tidleg å hauste. Både grunnfarge og sukkerinnhald må bli betre. Stivenedbryting er berre så vidt kome i gong. OBS! Unge tre med få eple kan vere kome lenger i utvikling.



Discovery frå Hamre, Leikanger



Bilete syner stivnedbryting i Discovery og Summere (sistnemde nederste 10 epler i rekke). Det er enno mykje stive å gå på.

Summerred

Optimalverdiene ved høsting:

Grunnfarge: C3-C4

Dekkfarge: 50 %

Fastleik: 7-8 kg/cm³

Sukker: 10,5 %

Stive: 5-7

Streif-indeks: 0,09-0,11

| | |
|-------------|-----------------|
| Dyrkar | Terje Fosshagen |
| Sted | Leikanger |
| Grunnstamme | |
| Avlingsnivå | 3 |
| Dato | 16.08.21 |
| Vekt (g) | 172 |
| Grunnfarge | C1-C2 |
| Fastleik | 8,0 |
| Ref | 10,2 |
| Stive | 2,7 |
| Streif | 0,291 |

Det er alt for tidleg for hausting av Summerred, men me har teke ut ein tidleg prøve i eit tidleg felt som er Cerone-sprøyta berre for å sjå utviklinga. Epla byrjar å sjå raude og fine ut, men alle andre verdiar må bli betre før hausting.